

## Samla innspel til arealplan for Sogndal kommune 2022-2030

Trude og Christoffer Knagenhjelm

Samfunnsplanen 2021-2030 er styrande for arbeidet med arealplanen til Sogndal kommune. I samfunnsplanen er det utpeikt fem tematiske satsingsområde som legg føringar for prinsippa for arealplanen.

Vi vil i det følgjande gje innspel knytt til satsingsområda og nokre av punkta i prinsipp for arealplanen og planprogrammet for arealplanen. Vi har og nokre generelle kommentarar til arealplanarbeidet.

### Generelle kommentarar til arealplanarbeidet

FN sine 17 berekraftsmål, som vart vedtekne i 2015, har ført til eit fornya fokus på berekraftig utvikling. Berekraftmåla er i utgangspunktet likeverdige, men berekraftmåla knytt til naturen sine tolegrensar må ligge i botn som ein føresetnad for å lukkast med dei andre to nivåa; sosial velferd og økonomisk utvikling (jf. Stockholm Resilience Centre, 2016).

Dagens miljøutfordringar, særleg klimaendringar og tap av naturmangfald, er av eit slikt omfang at alle samfunnssektorar må bidra for å endre på samfunnsutviklinga. Gjennom arealplanarbeidet har Sogndal kommune eit godt høve til å ta ansvar for berekraftige utvikling. Kva val og kva retning vi vel i den kommande arealplanen vil ha alt å seie for om vi klarer å realisere visjonen om livskvalitet og utviklingskraft i Sogn.

Sosial velferd og økonomisk utvikling er tett kopla til visjonen i samfunnsplanen om «livskvalitet og utviklingskraft i Sogn». Vi meiner at eit grunnleggjande premis for arealplanarbeidet må vere å skape gode og sosiale samfunn med sunn økonomi, utan å komme i konflikt med naturen sine tolegrensar.

### Best på oppvekst

Amlabukti er eit særst populært tur-, friluft- og utfartsområde med tre offentlege badeplassar (Amla, ferjekaien og Bjørkanausti). I tillegg er skogsområda i Kaupanger viktige område for rekreasjon og primærnæring i form av skogbruk, husdyrhald og jakt.

Samstundes bur det mange barnefamiljar rundt Amlabukti, med born i skulealder. I samfunnsplanen er **etablering og vedlikehald av gang- og sykkelveggar og snarveggar mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar prioriterte område** (punkt 5. f.).

- Tiltaket med å gjere Kyrkjegota om til gang- og sykkelveg har vore viktig for mjuke trafikkantar, både som skuleveg og til badeplassar mm. Men det er framleis behov for betre skilting av Kyrkjegota og parkeringsplassen ved stavkyrkja. Som nabo til riksvegen registrerer vi samstundes at det ofte er høg fart og potensiale for farlege situasjonar.
- Her støtter vi forslaget til FAU i Kaupanger og ber om at kommunen definerer Brekkeflaten til skulen som gang- og sykkelveg med forbod mot gjennomkøyning. Vi meiner òg at Brekkeflaten berre bør nyttast av fastbuande langs vegen og ikkje som bilveg til skulen og andre aktivitetar. Det vil betre trafikktryggleiken og vere eit godt tiltak for å betre folkehelsa. Skiltet om droppsone ved bedehuset under skulen bør òg verte fjerna sidan det fungerer som oppmoding til bilkøyning til òg frå skulen.
- Ved å legge til rette for at Brekkeflaten vert gang- og sykkelveg vil det vert lettare å få gjennomslag for fotgjengarovergang over Rv. 5 til Kyrkjegota. På den måten vil kommunen

sikre god og sikker gangveg mellom Amlabukti og bustadfeltet i øvre Kaupanger som eit prioritert område i samfunnsplanen.

- Vi registrerer samstundes at eigar av Teigen har spelt inn nytt bustadområde på denne eigedommen i ny arealplan. Om det vert lagt opp til bruk av Brekkeflaten som tilkomstveg vil dette ikkje vere i tråd med bruk av vegen som trygg veg til skule og fritidsaktivitetar. Vi ber difor om at dette vert vurdert grundig i det vidare arbeidet med arealplanen. Her viser vi òg til at «**Trafikktryggleik vert vurdert som eit eige tema i konsekvensutgreiinga, med undertema tilhøve for mjuke trafikantar, skuleveg, vegstandard og utforming av eksisterande kryss og avkøyrslar**» (jf. planprogram for arealplan for Sogndal kommune 2022-2032).

Kommunen bør òg legge til rette for bevaring av landbruksareal. I Kaupanger har vi dei siste åra sett fleire planframlegg som strir med punkt 3.f. i samfunnsplanen, **bruke nærmiljøet til å bygge engasjement for klima, miljø og ressursbruk**, samt punkt 5 og punkt 27. i prinsipp for arealplanen (**Opne for forsiktig fortetting i eksisterande småhusområde som skal bevarast og unngå bygging på matjord i heile kommunen og unngå ulemper for landbruket ved bygging og tiltak**). Framlegget om bustadområde på Teigen er eit døme på dette som òg vil ha negative konsekvensar for naboeigedommane som begge driv aktiv landbruksdrift, ved tap av dyrka mark ved eventuell utviding av Brekkeflaten.

### **Skapt for aktiv livsstil**

Moglegheitsstudien for Sogndal kommune av Stiv kuling og Lala Tøyen, har lansert omgrepet «markagrense» for Kaupanger. Forslaget er ytterlegare aktualisert med forslaga frå Sognehus AS og Nordbohus Sogn AS om å leggje ut viktig landbruks-, natur- og turområde som bustadområde i arealplanen (Teigen og området frå Mårkjettehola til Hauståker).

Området ved Mårkjettehola er t.d. ein av dei viktigaste innfallsportane til friluftsområda i Kaupanger, og området er i sin heilskap viktig for naturmangfald. Vi kan såleis ikkje sjå at desse framlegga om bustadområde er i tråd med føringane for ny arealplan. Planforslaget til Nordbohus Sogn AS heng ikkje saman med resten av busetnaden i Kaupanger og planforslaget motverkar behovet for fortetting i Kaupanger. Det vil skape eit nytt byggefelt i Kaupanger, med behov for heilt ny infrastruktur. På lengre sikt vil det òg medføre til enda større nedbygging av LNF-område ved at opning av nytt byggefelt og infrastruktur vil skape press på vidare nedbygging for å forsvare tiltaket økonomisk. I eit miljøperspektiv, der kommunen har forplikta seg til å jobbe etter FN sine berekraftsmål kan vi ikkje sjå at det er mogleg å forsvare slike framlegg.

Her viser vi særleg til punkt H. **Rekreasjonsområde, aktivitetsanlegg, fjordstiar, turvegar, treningsområde, leikeplassar, kvileplassar og møteplassar**. Det bryt og med prinsippet om å legge til rette for **vekst og fortetting med kvalitet i tettstadane** (punkt 4 i prinsipp for arealplanen).

Vi støtter difor forslaget om eit overordna grep som å etablere ei markagrense, og ber om at dette vert konkretisert i arealplanen med eigne føresegner i arealplankartet. Det er viktig at slik markagrense vert etablert både vest for eksisterande byggefelt og langs industri – og næringsområdet i Kaupanger i aust. Ei slik grense bør inkludere Øygardsfeltet (Kjøpstad). Dette er eit område som inneheld viktige natur- og kulturminneverdiar. Området er i dag viktig nærturområde og har potensiale for å bli det i enda større grad i framtida.

## Kompetansemiljø i eliteserien

Som nabo til Kaupanger Hovedgård og Kaupanger stavkyrkje ser vi kor viktig aktiv landbruksdrift er for ivaretaking av felles kultur- og opplevingsverdiar. Både på Kaupanger Hovedgård, Brekka og Amble gård er det lagt ned eit stort arbeid for å auke produksjonen, ta vare på produktive areal i landbruket og for å legge til rette for biologisk mangfald i kulturlandskapet. Etter at store deler av granfrøplantasjen vart hogd og kulturmarka restaurert, er det òg skapt eit stort samanhengande jordbrukslandskap frå bukta og opp til Avsøla. Slike landbruksverksemdar er kompetansemiljø som i seg sjølve hukar av på fleire av berekraftsmåla til FN. Vi meiner at det er viktig at kommunen brukar samfunnsplanen, og særleg punkt 5. **Nytte landbrukspolitikken og -forvaltninga til å stimulere til auka produksjon og høgare utnytting av produktivt areal, og for å unngå nedbygging av attraktivt produksjonsareal** i arbeidet for å ivareta landbruket og landskapet rundt Amlabukti. Som ein stor landbrukskommune er det viktig at kommunen tolkar dette punktet breitt, og legg til rette for å ta vare på kultur- og naturverdiar i landbruket gjennom medviten forvaltning og arealpolitikk.

## Fruktbare tettstadar

Landskapet rundt Amlabukti er sårbart for større inngrep. Kaupanger Hovedgård, Kaupanger stavkyrkje, Avsøla, småhusbusetnaden og gardsbusetjinga i Amla (Amble gård og Nedre Amla) karakteriserer det samla kulturlandskapet rundt Amlabukti. Dersom t.d. småhusbusetnaden skal fortettast må det følgje retningslinene i Stadanalysen for Kaupanger og Amlabukti. Større inngrep som nedbygging av landbruksjord må ein òg unngå. Dette er i tråd med punkt 1.h. **Gjere kulturarven og kulturmiljøa til ein levande del av tettstaden**. Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold* legger òg opp til at kommunane skal ta større ansvar for kulturminna i kommunane.

Vi ber difor om at det i arealplanen vert lag opp til:

- å unngå storstilt nedbygging av landbruksareal rundt Amlabukti
- å vurdere om forslag til buffersone i forvaltingsplanen for Kaupanger Hovedgård og Kaupanger stavkyrkje kan vere eit godt verktøy for å skape medvit om konsekvensar av inngrep, og styre den framtidige utviklinga i landskapet rundt Amlabukti
- å utarbeide ny felles kulturminneplan, med føresegner, som del av den nye arealplanen for å samle kunnskap om kulturmiljøverdiane rundt Amlabukti og kommunen elles
- å framheve dei kulturhistoriske verdiane gjennom ein skiltplan for nedre del av Kaupanger, der ein nyttar omgrepet «Historiske Kaupanger» (dette er òg i tråd med forslag i Moglegheitsstudien for Kaupanger)

## Naturmangfald, jf. prinsipp for arealplanen

I prinsippa for arealplanen framhevar kommunen to punkt når det gjeld naturmangfald:

30. Legge til grunn eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald ved vurdering av endra arealbruk
31. Bruke arealbudsjetten for å synleggjere omdisponering av grøntareal og behovet for nye byggjeføremål

Vi har dei seinare åra fått urovekkande påminningar om at det går dårleg med insekta i verda. I 2019 rapporterte Det internasjonale naturpanelet (IPBES) om at 10 prosent av insekta i verda er truga av utrydding (IPBES 2019). Ei viktig årsak til dette, er truleg ein internasjonal tilbakegang i blømande kulturmarkar.

Utviklinga dei siste 50 åra har gått i to retningar: produktive slåttemarkar blir gjødsla opp og gjort om til intensivt drivne areal, og marginale jordbruksareal går ut av drift og gror att. Dette kjem i tillegg til nedbygging og omdisponering av landbruksjord til busetnad- og næringsformål. I dag reknar vi med at heile 25 prosent av dei trua insekta i Noreg er knytt til kulturlandskapet. Arealet slåttemark i hevd i dag er truleg mindre enn éin prosent av arealet for 50 år sidan. Det er difor trong for å utvide leveområda til engartane utanfor landbruket sine areal, som t.d. hageeigarar, som det er mange av i Kaupanger og Amla. Framlegg om utbygging av landbruksareal og gamle frukthagar, som vi finn mange av rundt Amlabukti, må ta omsyn til bevaringa av landbruksareal og frukthagar som er viktig for biologisk mangfald.

Nasjonale pollinatorstrategi utarbeidd av Miljødirektoratet føreset tett samarbeid mellom planleggjarar, ulike driftsetatar i kommunen, private grunneigarar og hageeigarar.

Som planstyresmakt har kommunen eit stort ansvar for bevaring av artsmangfaldet, mellom anna ved utarbeiding av planar for naturmangfald og grønstruktur. Gjennom slike planar kan Sogndal kommune sikre betre samanheng i areala, og gje retningsliner som fremjar pollinatorvenleg vegetasjon. Parkar, naturområde, store tre, byrom, grønntanlegg og private hagar er ein viktig del av ein slik grønstruktur. Det er difor viktig at kommunen gjennom arealplanen har eit medvite forhold til dette, og at arealplanen legg opp til berekraftig bruk på naturen sine premisser.

I Kaupanger, og særleg rundt Amlabukti er det lagt ned eit stort arbeid for å ivareta gamle kulturmarker og skape betre vilkår for pollinerande insekt. Vi vil særleg trekke fram Brekka bruk og Kaupanger Hovedgård. I tillegg driv Amble gard stort med fruktproduksjon og er avhengig av pollinerande insekt. Korridorar til insekta er viktig og det er viktig at kommunen ikkje legg opp til framtidig bustadbygging som bryt desse korridorane slik at insekt ikkje kan flytte seg rundt bukta. Vi føreslår difor at kommunen i tråd med pollinatorstrategien legg til grunn at utviklingsarbeid rundt Amlabukti skal for skje i tråd med naturmangfald og grønstruktur som inngår i kommuneplanarbeidet.

#### **Kjelder:**

Feste Skien as, landskapsarkitekter mla 2004: Stadanalyse Amlabukti

Nasjonale pollinatorstrategi. [Ein strategi for levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt](https://www.regjeringen.no/contentassets/3e16b8410e704d54af40bcb3e687fb4e/nasjonale-strategi-for-villbier.pdf), <https://www.regjeringen.no/contentassets/3e16b8410e704d54af40bcb3e687fb4e/nasjonale-strategi-for-villbier.pdf>

Rv. 5 Loftesnes – Kaupanger, Sogndal kommune. Kartlegging av naturtypar og artar. Nina Rapport 1864, <https://brage.nina.no/nina-xmlui/bitstream/handle/11250/2677741/ninarapport1864.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

STOCKHOLM RESILIENCE CENTRE: *Contributions to Agenda 2030*. Henta april 2021 frå <https://www.stockholmresilience.org/research/research-news/2016-06-14-how-food-connects-all-the-sdgs.html>

Opplevingslandskap Kaupanger. Utviklingsplan for restaurering, skjøtsel og formidling av kulturlandskap ved Kaupanger stavkyrkje og Kaupanger Hovedgård, [https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2831266?fbclid=IwAR3XVER3hDA\\_5fjs7WmgWilmthgHL39tbwSLRYtXvIQI27EiuorwtVW8ZXY](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2831266?fbclid=IwAR3XVER3hDA_5fjs7WmgWilmthgHL39tbwSLRYtXvIQI27EiuorwtVW8ZXY)

IPBES (Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services): *Summary for policymakers of the assessment report of the Intergovernmental science-policy platform on biodiversity and ecosystem services*. IPBES secretariat. Bonn, Germany, 2019.